

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Kulturhuset, Voss  
**Dato:** 15.09.2014  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmseter	MEDL	SFFK
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

## Andre:

Nils Kvamme                      Naturoppsyn Stølsheimen  
Kristoffer Ullern Hansen        SNO, Aurland  
Karen Weichert                    Adm. Vik kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- Saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/14	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 15/14	Stølsheimen landskapsvernområde - Utvida tidsrom for bruk av snøskuter på evakueringsrute frå rv. 13 på Vikafjellet		2013/447
ST 16/14	Stølsheimen landskapsvernområde - ny behandling av søknad om dispensasjon for vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik		2013/1592
ST 17/14	Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde		2012/2321
RS 6/14	Høring - bruk av snøscooter til fornøyelseskjøring - forslag til endringer i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag		2014/2892

### Møteplan hausten 2014

Onsdag 12. november

Tysdag 16. desember.

Møtestad vert på Voss eller Vossestrand for begge møta.

### Orientering om plan for Nordhordland biosfæreområde

Forprosjektet «Nordhordland biosfæreområde – vestnorsk kystlandskap» vart presentert av prosjektleiar Kari Evensen Natland (Nordhordland Utviklingsselskap IKS) og fagleg koordinator Peter Emil Kaland (Universitetet i Bergen).

I 2013 inngjekk Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen ein samarbeidsavtale om satsing på Nordhordland biosfæreområde. Området omfattar kommunane i Nordhordland i tillegg til deler av kommunane Askøy, Voss, Vaksdal, Høyanger og Vik. Området strekkjer seg frå Trollfjella i Nordsjøen til langt inn i Stølsheimen. Forprosjektet har arbeid med å kartleggja om Nordhordland kan tilfredstilla krava UNESCO set til eit biosfæreområde. UNESCO sitt biosfæreprogram er etablert for å *«fremja eit tverrfagleg fokus på forvaltning, forskning og undervisning om berekraftig bruk av økosystem og naturlege ressursar...biosfæreprogrammet er like mykje eit heilskapleg tiltak for samfunnsutvikling som eit miljøprogram»*. (Forprosjekt Nordhordland biosfæreområde august 2014). Biosfæreområdet er ikkje eit nytt verneområde, men det må vera minimum 5 % verneområde innanfor området for å verta utnemnt som eit UNESCO biosfæreområde. Det er difor viktig for utnemninga at Stølsheimen landskapsvernområde vert ein del av biosfæreområdet.

I framdriftsplan i forprosjektet er det skissert å senda hovudsøknad til UNESCO i 2016, og utnemning til biosfæreområde i juni 2018. Verneområdestyret vil få prosjektet til uttale under arbeid med hovudsøknaden.

## **ST 13/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.09.2014**

### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 14/14 Underskrift av protokoll frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.09.2014**

### **Vedtak**

Protokoll for styremøte 24.03.14 og 13.06.14 vart underskrivne.

## **ST 15/14 Stølsheimen landskapsvernområde - Utvida tidsrom for bruk av snøskuter på evakueringsrute frå rv. 13 på Vikafjellet**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.09.2014**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til:

- Å køyre med snøskuter for og GPS-logga snøskutertrase på ruta rv.13 – Sendedalen – Holmavatnet – Finnbufjellet – Myrkdalen.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI nr. 6, og gjeld med følgjande vilkår:

- Inntil 3 turar (tur/retur) med 2 snøskuterar i perioden frå og med 1. oktober til og med 30. april. Løyve gjeld for åra 2014 og 2015.
- Det skal om mogleg ikkje køyrast søndag og helgedagar av omsyn til friluftslivet.
- Turane skal samordnast med Røde Kors Hjelpekors sitt løyve til kjentmannsturar i Sendedalen når det er praktisk mogleg.
- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Nils Kvamme (mob. 95730615), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.

- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Dato og talet på snøskuterar som var med på turane skal rapporterast til verneområdeforvaltar innan 1. juni kvart år i løyveperioden.

For å få nytt løyve frå 2015 til 2018, må det sendast ny søknad når løyveperioden er over i 2015.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast naudsynt løyve frå Voss kommune etter lov om motorferdsel i utmark, og frå aktuelle grunneigarar.

## **ST 16/14 Stølsheimen landskapsvernområde - ny behandling av søknad om dispensasjon for vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.09.2014**

#### **Handsaming i møte**

Verneområdestyret utsette behandling av saka til neste møte

#### **Vedtak**

Saka vart utsett til neste møte.

## **ST 17/14 Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.09.2014**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltar presenterte utkast til revidert forvaltningsplan for styret. Styret støtta framlegget slik det vart lagt fram, men hadde fylgjande tilføyningar:

Under kappittel om truslar mot verneverdiane bør det nemnst klimaendingar sin påverknad på vegetasjonen og framvekst av skog i kulturlandskapet.

I kapittel om avfall og ureining må det visast til kommunale forskrifter om brenning av avfall.

Forvaltar justerer planutkastet etter innspela som kom fram i møtet.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre sender framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde versjon 15.09.2014, til miljødirektoratet for fagleg gjennomgang før planen vert sendt på høyring.

**RS 6/14 Høring - bruk av snøscooter til fornøyelseskjøring - forslag til endringer i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag**